

Ulvik fjellstyre

Årsmelding 2024



Utsikt over Dyrahola, Ulvik statsallmenning. Oktober 2024. Foto: Ole Rune Røkenes

Innhald

Ulvik statsallmenning	3
Ulvik fjellstyre	4
Fjellstyrehytter	5
Leige av fjellstyrehytter	5
Om fjellstyrehyttene	7
Beiterettar	8
Jakt.....	8
Villreinjakt	8
Hardangervidda	8
Nordfjella.....	9
Samjaksavtalar Hardangervidda	9
Samjaksavtalar Nordfjella	9
Småviltjakt utan hund	10
Jaktsesongen i tal	10
Fiske.....	13
Fangstrapport garnfiske	15
Tiltak i statsallmenningen.....	15
Oppsyn og dagleg drift	16
Jegermøte.....	16
Handsama saker	16

Ulvik statsallmenning

Statsallmenningen i Ulvik dekkjer med sine 400 km² vel 57% av arealet i heradet. Av dette utgjer netto høgfjellsareal (villreinarealet) omlag 363 km². Det er omlag 30 fiskevatn innanfor allmenningen, med eit areal på omlag 20 km². Den delen av Hardangerjøkulen som ligg i Ulvik statsallmenning utgjer omlag 20 km².

Allmenningen grensar mot Eidfjord i sør, mot Hol i aust, mot Aurland i nord og mot Voss herad i vest, samt private område i Ulvik i vest og på Hallingskeid.

Det meste av allmenningen ligg høgt over havet og det kan vere godt med snø til ut på sommaren. Dette gjer at sommarsesongen kan vere kort, særleg med tanke på fisket i området. Den vestlege delen av allmenningen er heller kupert, med mykje snøfenner og småbrear. Lenger aust flater terrenget ut og vert meir frodig.

Delar av vestlege delen av allmenningen er prega av kraftutbygging, med fleire kraftlinjer og store magasin.

Bergensbanen skjer gjennom allmenningen frå Storurdi i aust til Hallingskeid i vest. Dette gjer at allmenningen på mange områder er ulik dei andre statsallmenningane på Hardangervidda. Mellom anna er det ein del hytter i området rundt Finse. DNT si turisthytte Finsehytta og hotellet Finse 1222 ligg innanfor allmenningen. Universiteta i Oslo og Bergen driv Finse forskingssenter.

Delar av allmenningen er underlagt ulike former for vern og regulering:

Den søraustlege delen av allmenningen kring Hardangerjøkulen, ligg innanfor Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde. Dette vart verna i samband med opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark i 1981.

Heile allmenningen er frå 1997 del av ein felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella/Hardangervidda villreinområde.

Området mellom Finse og Lågheller er regulert av Ulvik herad i eiga reguleringsplan frå 2001. Her er det mellom anna teltforbod og jaktforbod.

I 2006 vart Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde oppretta. Hallingskarvet nasjonalpark dekkjer den delen av Ulvik statsallmenning som ligg nord for Bergensbana frå grensa mot Hol i aust til og med Svartavatnet i Såtedalen i vest. Biotopvernområdet dekkjer 6735 dekar på Finse.

Omsynet til villreinen, samt viltlevande artar er eit særskilt viktig element i alle desse verneområda. Statsallmenningen har areal innanfor to villreinområde, Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde.

Ulvik fjellstyre

Ulvik fjellstyre administrerer bruken og utnyttelsen av de allmenningsberettigta sine rettigheter iht bestemmelsane i Fjellova. Fjellstyret ivaretek også andre regelverk og nasjonale føringar som gjeld i statsallmenningen.

Fjellstyret for perioden 2024 - 2027 er samansett slik:

Atle Ulgenes, leiar

Stig Yngve Røkenes, nestleiar

Johannes Sponheim, styremedlem

Kåre Olai Solheim, styremedlem

Katrina Kvåle Hellesnes, styremedlem

Representant i villreinutvalet på Hardangervidda: *Atle Ulgenes (Ulvik har ikkje vara)*.

Representant i villreinutvalet for Nordfjella: *Stig Yngve Røkenes (vara er Johannes Sponheim)*.

Atle Ulgenes møter i styret i Fjellstyra på Hardangervidda AS (Hardangervidda fjelloppsyn).

I 2024 vart det handsama 33 saker fordelt på fire styremøter. Fjellstyret har i tillegg gjeve uttale i fleire saker.

Ulvik fjellstyre har ein fem-årig samarbeidsavtale med Fjellstyra på Hardangervidda AS for perioden 2023 – 2027.

Fjellstyrehytter

Ulvik fjellstyre har til saman ni hytter og buer i statsallmenningen. Av desse er tre steinbuer som står ulåste. Dei seks andre hyttene er låste.

I tillegg er det naust med båt ved Finsevatnet, Kvilinganutvatnet og Søre Grøndalsvatnet. Det ligg også båt i Dyrahola og Ripsebu.

Leige av fjellstyrehytter


Finsebu, Dyrahola, Ripsebu og Søre Grøndalsbu blir leigd ut via Inatur. I perioden 15. juli til 30. september er Dyrahola, Ripsebu og Søre Grøndalshytta prioritert for innanbygdsbuande, og er då ikkje tilgjengeleg for utleige via Inatur. I denne perioden har Stig Yngve Røkenes ansvar for utleige. Sankebu er utleigd til bruksberettiga som har sau på beite i allmenningen. Dei andre hyttene (steinbuer) står opne, og kan nyttast mot betaling til fjellstyret.

Oversikt over hyttene	Utleigeprisar pr. døgn		
	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande	
Finsebu	Helg: 1000,- Kvardag 800,-	Helg: 2500,- Kvardag: 1800,-	Låst, Inatur
Dyrahola	400,-	1500,-	Låst, Inatur (utanom perioden 15. juli-30. september)
Søre Grøndalsbu	300,-	1200,-	Låst, Inatur (utanom perioden 15. juli-30. september)
Ripsebu	300,-	1200,-	Låst, Inatur (utanom perioden 15. juli-30. september)
Memorgebu	250,-	400,-	Låst
Lengjedalsbu	100,- pr. person		Ulåst
Rundavassbu	100,- pr. person		Ulåst
Austdalsbu	100,- pr. person		Ulåst
Sankebu	Utleigd til sankelag		Låst

Leieinntekter hytter 2024 (brutto*)

Finsebu	Kr 201 000
Dyrahola	kr 37 100
Ripsebu	kr 31 000
Søre Grøndalsbu	kr 31 700
Sankebu	kr 0
Memorgebu	kr 4 400
Lengjedalsbu	kr 800
Rundavassbu	kr 600
Austdalsbu	kr 0
Sum:	Kr 306 600

* Tala er brutto omsetnad



Utleigedøgn i 2024:

Finsebu: 98 (inatur)

Ripsebu: 30 (inatur og manuelt sal)

Søre Grøndalsbu: 28 (inatur og manuelt sal)

Dyrahola: 35 (inatur og manuelt sal)

Memorgebu: 6 (manuelt sal)

Lengjedalsbu: 8 (open steinbu, betaling etter opphald)

Austdalsbu: 0 (open steinbu, betaling etter opphald)

Rundavassbu: 6 (open steinbu, betaling etter opphald)

Om fjellstyrehyttene

Finsebu

Dette er den nyaste hytta til Ulvik fjellstyre. Hytta ligg på den gamle skyttarhustomta på Finse, og vart ferdig bygd i 2003. Den var klar til utleige på nyåret 2004. Det er 8 senger i hytta, men brannforskriftene godkjenner overnatting for 9 personar. Det vart bygd nytt toalett (snurredass) vinteren 2011. I nauset ved Finsevatnet er det båt med motor, utfiskingsgarn og ruser.

Memorgebu

Dette er ei steinbu som er låst. Bua er utstyrt med vedovn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 2-3 personar.

Søre-Grøndalsbu

Hytta er låst og utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 4 personar. Hytta var bygd på 1950-talet og er modernisert dei siste åra. Det er 4 sengeplassar med madrassar i hytta. Det er båt i nauset ved Søre Grøndalsvatnet og 4-6 garn i nauset. I tillegg ligg uthuset med do tett inntil hytta. Påhengsmotor til båten vert lagra i uthuset. I hytta er det solcelleanlegg med innvendige lampar og moglegheiter for lading av elektronisk utstyr.

Dyrahola

Hytta er låst og utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Hytta var bygd i 1988. Det er 4 sengeplassar i hytta og hems med 6 madrassar. I hytta er det solcelleanlegg med innvendige lampar og moglegheiter for lading av elektronisk utstyr. I juli/august 2024 vart det bygd ny utedo. Den gamle vart teken ned og ny sett opp på same stad.

Ripsebu

Hytta er låst og utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Det er 3-4 sengeplassar med madrassar i hytta. Det er båt tilgjengeleg for brukarar av hytta. I hytta er det solcelleanlegg med innvendige lampar og moglegheiter for lading av elektronisk utstyr. Det utvendige panelet vart bytt i 2020 grunna store snømengder denne vinteren. I 2021 vart det bytt kledning.

Sankebu - Austdalen

Hytta er låst. Bua inneheld vindfang/gang, soverom, opphaldsrom m/kokeplass, hems og utedo. Det vart byta kledning på hytta i 2018. I 2022 vart hytta ytterlegare oppgradert med nytt golv, kjøkkenkrok og nye senger. Det er sengeplassar til 6 personar.

Rundavassbu, Austdalsbu og Lengjedalsbu

Dette er 3 enkle steinbuer med vedovn og køyer. Buene står ulåste. Austdalsbu vart i 2015 totalrenovert for å få ho attraktiv som kvile -og overnattingsstad for fjellfolk. Det er vedovn og ved, propanapparat, bestikk, koppar og kar i alle buene.

Naust ved Kvilinganutvatnet

Naustet inneheld båt som er til fri bruk for ålmenneheit. Naustet er ulåst. Naustet vart totaltrenoverert sommaren 2023.

Lavvo/kano/utstyr

Lavvo vert sett opp på fast plass kvar sommar på nordsida av Langavatnet (like sør for Ripsebu). Denne kan nyttast fritt av fjellfolk. I tillegg har fjellstyret kano, garnsett for prøvefiske, aggregat og verktøy for vedlikehald av hytter.

Beiterettar

Ulvik fjellstyre har utvist beiterettar for sau til 8 personar i statsallmenningen:

Helge Sygnestveit, Gro Aurdal, Aslak Aurdal, Nils Brandstveit, Johannes Sponheim, Kristoffer Vestrheim, Agnar Kleppe og Nils Tore Skjerdal.

Jakt

Villreinjakt

Hardangervidda

Kvota for Hardangervidda villreinområde i 2024 var på totalt 3500 dyr. Det var kun anledning å felle vaksen bukk 2,5 år og eldre. På Hardangervidda var jakttida 20 august til 20 september. Ulvik statsallmenning (Osafjellet) hadde også denne jakttida. Ulvik fjellstyre sin del av kvota var 131 bukkkort. Det vart felt 3 vaksen bukk på desse korta. Totalt på Hardangervidda vart det felt 403 dyr. Det gav ein fellingsprosent på 11,5%.

Tabell 1. Fellingsresultat Hardangervidda 2024 (Hardangervidda villreinutval)

Felling 2024

Kommune	Kvota totalt bukk	Kalv hunn	Kalv hann	1 ½ simle	1 ½ bukk	Simle	Bukk	TOTALT
Vinje	666	2	5	2	3	3	164	179
Nore og Uvdal	632	0	0	0	0	0	6	6
Ullensvang	861	0	0	0	0	0	145	145
Eidfjord	511	0	0	0	0	0	19	19
Tinn	497	0	0	0	0	0	45	45
Ulvik	144	0	0	0	0	0	3	3
Hol	167	0	0	0	0	0	6	6
Aurland	13	0	0	0	0	0	0	0
Rollag	9	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	3500	2	5	2	3	3	388	403

Grungedalstangen inkludert i tall for Vinje – 14 felte dyr. I tillegg kommer 17 dyr registrert som fallvilt ifm. jakta.

Nordfjella

Kvota for Nordfjella villreinområde (sone 2) var 80 dyr i 2024. Det kunne berre fellast bukk, 1,5 år og eldre. Alternativt kunne det fellast kalv. Ulvik fjellstyre fekk tildelt 11 kort og det vart felt 4 dyr på Ulvik fjellstyre sine kort. Jakttida var 20 august til 20 september. Totalt vart det felt 40 dyr i Nordfjella. Det gav ein fellingsprosent på 50%.

Tabell 2. Felte dyr i Nordfjella villreinområde 2024 (Villreinutvalet i Nordfjella)

FELLINGSRESULTAT I NORDFJELLA VILLREINOMRÅDE JAKTA 2024

Sone 2:

	Hol	Aurland	Ulvik	SUM
Bukk vaksen	13	13	1	27
Bukk 1 ½ år	3	-	-	3
Bukkekalv	-	1	2	3
Simle vaksen	5	-	-	5
Simle 1 ½ år	-	-	-	0
Simlekalv	-	1	1	2
SUM FELT	21	15	4	40
Fellingskvote	41	28	11	80
Felt % av kvote	51,2 %	53,6 %	36,4 %	50,0 %

Samjaktavtalar Hardangervidda

Samjaktavtale med Øvre Numedal fjellstyre. 10 jegerar frå Ulvik kan samtidig jakte på Øvre Numedal statsallmenning nord for Normannslågen, og vest for Langebuåni sør for Bjornesfjorden. Ulvik fjellstyre gav frå seg 2 kort pr jeger som ein del av avtalen. 6 jegerar benytta seg av avtalen i 2024.

Samjaktavtale mellom Ulvik fjellstyre og Rauland fjellstyre som tidlegare år. Inntil 5 jegerar frå Ulvik kan jakte på Rauland statsallmenning. Det var ingen jegerar frå Ulvik som nytta avtalen i 2024.

Samjaktavtale mellom Ulvik statsallmenning og Slondal, Dalen og Brauåne grunneigarlag. Frå jaktstart 20.08 til jaktslutt den 20.09.

Samjaktavtale mellom Ulvik statsallmenning og Osa/Sævartveit privat. Frå jaktstart 20.08 til jaktslutt den 20.09.

Samjaktavtalar Nordfjella

Samjaktavtale mellom Ulvik, Hol og Aurland fjellstyre for villreinjakt i sone 2 (området mellom fv. 50 og vassdraget langs Bergensbana). Avtalen i 2024 gjaldt frå og med 28.08. til jaktslutt den 20.09.

Samjaktavtale mellom Ulvik statsallmenning og Osa/Sævartveit privat. Gjeld frå jaktstart 20.08 til jaktslutt den 20.09.

Kortprisar og inntekter frå villreinjakta. Hardangervidda villreinområde og Nordfjella villreinområde:

Kortprisar	Hardangervidda villreinområde	Nordfjella villreinområde
Vaksen bukk, 2,5 år og eldre*	1 600,-	
Bukk, 1,5 år og eldre, alt. kalv*		1 900,-

*Dobbel pris for utanbygdsbuande.

Kortsalet gav ei samla inntekt på 313 180,-.

Småviltjakt utan hund

Jakttida for småviltjakt i Ulvik statsallmenning er frå 15. september til og med 23. desember.

Ordninga med oppdeling i jaktfelt, herunder avgrensa tal tilgjengelege kort for utanbygdsbuande blei vidareført for jakta 2024:

Skipanuten jaktfelt:	7 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)
Grjotrusti/Osafjellet jaktfelt:	10 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)
Finse sør jaktfelt:	7 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)
Nordfjella jaktfelt:	10 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)

I tillegg vart det lagt ut 3 sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt. Etter dei fyrste 14 dagane var det og mogleg å kjøpe dagskort i kvar av dei fire jaktfelte. Innanbygdsjegerar fekk tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jaktdag. Desse korta gjeld for heile Ulvik Statsallmenning. Korta vart lagt ut for sal på inatur.no i slutten av juli.

I 2024 vart det også lagt ut småroviltkort for sal på inatur.no. På dette kortet kan ein jakte på artane raudrev, røyskatt, mink, kråke og ravn i heile Ulvik statsallmenning. Kortet kostar kr. 100,- og jakttida er i perioden 15.07 – 30.04.

Observasjonar og rapportar frå jegrane viser at jakta samla sett endte på eit greitt nivå. Ein fin haust værmessig bidrog til dette. Eit godt lemenår i fjellet medverka sannsynlegvis til god overlevelse for rypekyllingane. Jevnt over vart det observert fine rypekull gjennom jakta.

Jaktseasonen i tal

Tal basert på innkomne fangstrapporatar for jakta 2024:

Jaktdagar: 349

Tal jaktdagar med fangst: 123

Tal jaktdagar utan fangst: 226

Fellingar: Fjellrype: 167. Lirype: 6. Hare: 10. Smårovilt: 1 røyskatt.

Tabell 3. Selde kort til utanbygdsbuande i 2024

	Finse sør jaktfelt	Grjotrusti jaktfelt	Nordfjella jaktfelt	Skipanuten jaktfelt	Sum
Døgnkort utanbygds	75	32	42	22	171
Vekeskort periode 1	7	10	10	7	34
Vekeskort periode 2	9	4	7	3	23
Sesongkort	3	2	3	3	11
Smårovviltkort					
					240

Tabell 4. Selde kort til innanbygdsbuande 2024

	Sum
Døgnkort innanbygdsbuande	8
Sesongkort innanbygdsbuande	0
Smårovviltkort	1

Tabell 5. Brutto omsetnad for småviltjakt 2024.

	Brutto omsetnad
Småviltjakt utanbygdsbuande	kr 160 040,00
Småviltjakt innanbygdsbuande	kr 1 220,00
Totalsum	kr 161 260,00

Tabell 6. Kortprisar småviltjakt 2024

Kortprisar	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Dagskort	kr 140,00	kr 280,00
Vekeskort	kr 790,00	kr 1 580,00
Sesongkort	kr 1000,00	kr 2 000,00
Smårovviltkort	kr 100,00	Kr 100,00

Tabell 7. Inntekter småviltjakt perioden 2003 - 2024

År	Inntekt	Selde jaktkort
2003	kr 58 959,00	189
2004	kr 50 000,00	118
2005	kr 59 700,00	199
2006	kr 69 600,00	205
2007	kr 48 600,00	104


2008	kr 64 700,00	162
2009	kr 60 490,00	189
2010	kr 102 100,00	342
2011	kr 83 200,00	234
2012	kr 48 200,00	151
2013	kr 1 000,00	4
2014	kr 1 600,00	11
2015	kr 300,00	2
2016	kr 3 900,00	15
2017	kr 1 900,00	10
2018	kr 122 800,00	394
2019	kr 124 320,00	380
2020	kr 122 875,00	237
2021	kr 139 250,00	276
2022	kr 112 944,00	142
2023	Kr 135 001,00	222
2024	Kr 161 260,00	249

Tabell 8. Fangsstatistikk 2005 - 2024

År	Jaktdøger	Fjellrype	Lirype	Hare	Tilbakemeldingar
2005	160	213	0	3	53 kort
2006	150	161	5	3	53 kort
2007	14	14	0	1	12 kort
2008	123	75	2	0	36 kort
2009	64	26	0	0	28 kort
2010	325	100	3	3	133 kort
2011	305	118	0	7	100 kort
2012	158	54	1	1	62 kort
2013	6	0	0	1	4 kort
2014	12	0	0	1	11 kort
2015	2	0	0	0	2 kort
2016	12	0	0	0	13 kort
2017	10	0	0	1	7 kort
2018	344	269	1	3	46 %
2019	360	242	7	3	52 %
2020	306	200	6	0	75 %
2021	357	194	9	4	73 %
2022	296	155	2	2	75 %
2023	275	113	8	5	81 %
2024	349	167	6	10	77 %

Fiske

Fiskesesongen i fjellet vert i stor grad påverka av snøtilhøva på vinteren, tidspunkt for is-frie vatn og vær og temperatur gjennom sommaren. Etter ein normal snøvinter, vart mai månad varm og solrik. Snøsmeltinga i fjellet gjorde at dei fleste vatna i allmenningen var is-frie i midten av juli månad. Værtilhøva gjennom sommaren var på eit gjennomsnittleg nivå. Gjennom sesongen vart det generelt meldt om fiskefangstar på eit middels nivå, og i nokre vatn gode fangstar.



Figur 1. Fiskefangst. Foto: Ole Rune Røkenes

Selde kort og brutto omsetnad i 2024:

Korttype	Tal selde kort	Brutto omsetnad
Døgerkort stongfiske	156	kr 17 160
2 døggers stongfiske	80	Kr 15 200
3 døggerskort stongfiske	24	kr 6 960
Vekeskort	29	kr 11 310
Sesongkort stongfiske	10	kr 7 900
Garnkort for innanbygdsbuar	36	kr 12 600
Garnkort for utanbygdsbuande	5	Kr 2 750
Totalsum	340	kr 73 880

I tillegg kjem Ulvik fjellstyre sin andel av omsetnad av fellesfiskekortet for Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenning. Dette utgjorde i 2024 kr. 15 217,-.

Inntekter av fiskekortsal 2005-2024 (utanom fellesfiskekortet):

År	Inntekt	Selde kort	Tilbakemeldingar
2005	kr 14 981	31	9
2006	kr 30 612	72	14
2007	kr 26 418	76	0
2008	kr 26 351	148	2
2009	kr 23 678	117	5
2010	kr 36 430	219	31
2011	kr 35 882	179	23
2012	kr 22 415	132	7
2013	kr 39 783	213	9
2014	kr 46 840	271	15
2015	kr 24 517	65	7
2016	kr 49 075	253	10
2017	kr 43 854	247	12
2018	kr 62 183	297	55
2019	kr 59 380	396	48
2020	kr 23 550	160	5
2021	kr 82 050	442	51
2022	kr 64 420	320	15
2023	kr 64 160	335	40
2024	Kr 73 880	340	37

Fellesfiskekortet gav i tillegg ei inntekt i 2024 på kr. 15 217,-.

Fiskekortprisar i 2024:

Korttype	Pris
Døgerkort stongfiske	kr 110
2 døggers stongfiske	kr 190
3 døggerskort stongfiske	kr 290
Vekeskort	kr 390
Sesongkort stongfiske	kr 790
Garnekort for innanbygdsbuar	kr 350
Garnekort for utanbygdsbuande*	Kr 550

*I 2024 (som i 2023) vart det lagt ut 8 garnekort på inatur.no for sal til utanbygdsbuande. Kortet gjeld for garnfiske i Langavatnet perioden 15.07 – 30.09.

Pris fellesfiskekortet, vekeskort: Kr 600,-

Pris fellesfiskekortet, sesongkort: Kr 1 200,-

Fangstrapport garnfiske

Det er kome inn fangstrapport frå 6 kjøparar av garnfiskekortet. Rapportane viser at det er mykje fin fisk i vatna i statsallmenningen. Frå rapportane er det mogleg å trekke ut fylgjande gjennomsnittsvекter:

Langavatnet	300-400 gr.
Søre Grøndalsvatnet	250-350 gr.
Ustekveikja	350-400 gr.
Grjotrusti/Taugevatn	500 gr.
Memorgevatni	700-800 gr.
Inste Kvilinganutvatnet	500-600 gr.
Kvilinganutvatnet	300-400 gr.
Dyrahola	200-400 gr.
Vetla Rundavatnet	300 gr.

Tiltak i statsallmenningen

Totalt har Fjellstyra på Hardangervidda AS utført 948 timeverk for Ulvik fjellstyre i 2024. Om lag 45% av tida vart brukt på sakshandsaming og drift av fjellstyrekontoret, 25% på oppsynsarbeid og 30% på skjøtselsarbeid i statsallmenningen.

Dei tilsette i Fjellstyra på Hardangervidda AS har utført jaktoppsyn og fiskeoppsyn, samt transport, tilsyn og vedlikehald med hyttene. Det har vore eit særskilt tilsyn med Finsebu då det er behov for hyppigare tilsyn grunna mykje utleige.

Det har vore god aktivitet i samband med byggjearbeid/vedlikehaldsarbeid i fjellet. I april vart det skifta vedomn i Memorgebu. Det er utført mindre vedlikehaldsarbeid i Søre Grøndalsbu og Finsebu. I juli/august bygde tilsette i fjelloppsynet ny utedo i Dyrahola. Den gamle som var i dårleg stand vart teken ned og ny sett opp på same stad. I september vart naustet ved Kvilinganutvatnet beisa.

Ulvik fjellstyre sin lavvo vart sett ut sommaren 2024 på nordsida av Langavatnet.



Figur 1. Eirik V. Dørheim frå fjelloppsynet i gang med byggjearbeid i Dyrahola. Foto: Ole Rune Røkenes

Jegermøte

Den 15. august vart det helde jegermøte i Eidfjord. Møtet vart villreinjegrar vart skipa som eit samarbeid mellom Ulvik fjellstyre og Eidfjord fjellstyre. Det var god oppslutnad med mange deltakarar.

Oppsyn/dagleg drift

Ulvik Fjellstyre er medeigar i driftsselskapet Fjellstyra på Hardangervidda AS (Hardangervidda fjelloppsyn). Selskapet har fem tilsette. Ole Rune Røkenes er dagleg leiar for selskapet og også fjelloppsyn med ansvar for dagleg drift av Ulvik fjellstyre. Samla timetal utført for Ulvik fjellstyre var 953,5 timar.

Handsama saker

Møtebøkene ligg tilgjengeleg på Ulvik fjellstyre sine nettsider.

16.01.2024:

01/24: Meldingar

02/24: Orientering v/styreleiar

03/24: Konstituering

04/24: Kontor for sekretær Ulvik fjellstyre/dagleg leiar FH AS

05/24: Fullmaktsoversikt for sekretær

06/24: Orientering om Fjellstyra på Hardangervidda AS

07/24: Eventuelt

26.02.2024:

08/24: Meldingar

09/24: Val av representantar til villreinutvala på Nordfjella og Hardangervidda

10/24: Val av vararepresentant til styret i FH as

11/24: Årsmelding 2023

12/24: Årsrekneskap 2023

13/24: Aktivitetsplan 2024

14/24: Budsjett 2024

15/24: Regulering av prisar for 2024

16/24: Godtgjering til styret

17/24: Garnkort i Langavatnet for utanbygdsbuande

18/24: Søknad om bruk av trakkemaskin Viermyr – Hallingskeid

19/24: Førespurnad om uttale etter klage på tildeling av skuter-løyve

20/24: Eventuelt

22.05.2024:

21/24: Meldingar

22/24: Eventuelt

23/24: Orientering v/styreleiar

24/24: Orientering v/dagleg leiar

25/24: Rekneskap 2023 - Revisjonsberetning

26/24: Inatur.no, hytter: Sperring eller opning for utleige 15.7-30.9

27/24: Småviltjakt 2024

24.10.2024:

28/24: Meldingar

29/24: Orientering v/styreleiar

30/24: Orientering v/dagleg leiar

31/24: Oppsummering etter villreinjakta 2024

32/24: Gjeremål 2025 (vedlikehald, prosjekt, fiskekultivering m.v.)

33/24: Eventuelt

Ulvik fjellstyre vil takke dei frivillige som har bidrege med god hjelp i statsallmenningen i 2024.

Atle Ulgenes /s/

Stig Yngve Røkenes /s/

Kåre Olai Solheim /s/

Johannes Sponheim /s/

Katrina Kvåle Hellesnes /s/

